

14 lag påmeldt til påske-quiz**24.03.2010**

**Aktivitetshusets Damevenner minnar om påske-quiz'en i Helgheim laurdag 27. mars.
Dei kan opplysa at det til no er påmeldt 14 lag.**

-Vi reknar difor med at det er ganske mange som no har tørka støv av dei gamle Geni og Trivial Pursuit spela sine, snikles i alt dei har av oppslagsverk og aviser, kranglar med ungane om kven som eigentleg skal lesa naturfagleksa og løyser kryssord på sengekanten kvar kveld, seier Anita Enæs.

Hvis det no er fleire som ynskjer å stilla lag bør dei melda seg på snarast til henne (anita.enes@knett.no / 99320878) slik at dei får planlagt korleis vi skal ordna med plasseringa av alle laga.

-Korleis skal så dysten gå føre seg?

-Det blir 5 runder á 12 spørsmål om alt mellom himmel og jord pluss nokre tilleggsark til enkelte av rundane. Etter desse rundane blir det ein liten pause før vi kjem tilbake med 2 avsluttande rundar som består av eit bildeark der ein skal gjenkjenna kven/kva/kor og ein "tiar" runde der ein skal komma fram til løysinga ved hjelp av stikkord som blir lest opp.

Her kan ein få 10, 8, 6, 4, 2 eller 0 poeng – alt etter kor tid ein klarar å finna ut kva løysinga er. Vi i Damevennene er jo ikkje vriene så på "tiar"-runden er det mogeleg det går an å kjøpa seg nokre ekstra stikkord for ein billeg penge hvis ein vil

Ellers så blir det sal av øl, vin, brus, kaffi, nachos m/dip, chips og pølse m/brød.

Vi ynskjer alle velkommen og trur og håpar dette blir ein kjekk kveld.

Det er lurt å ta med penn og papir til å kladda på, seier Anita.